

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Skav

Oppskr. av: End. Skranden

(adresse): Middel

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Evisfj og Vistdal

Bygdelag: Vistdal-

Gard: Skranden

G.nr. 62 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. "Berg" - åt krøtera - (berg = bergfjor)
2. "Berg útú skogja.
3. Å skave - skjev - skov - skave.
4. Skav hev alltid vore nytta som nødfor.
I gamle dagar rekna ein med skav kvart år. Man sette på fleire krøter enn man tra for til. Noomter skav.
5. Man nyttar helst rogn, men også selje og alm om de finst og osp.
Barne vert ikkje skava. Alm er best dernest rogn.
6. Ordet skav brukes om alle treslag.
7. Kroko rim om skavet kjennis ikkje.
8. Skav fekk både ku og sau - ikkje hest.
Man byrja skave når det lid ut på vinteren og våren. Skavet fekk krøtera einare. Skav av bjørk og vre vil krøtera ikkje ha. Skav av asp var berre til kyrne.
9. Man merka på mjølka når kyrne fekk skav. Cheir mjølk og rjome.
Beisk smak av aspeskav.
10. Man drøg dens erend til skogs etter skav. Resjved og kornstaur av rogn vert skava - um vinter og vår.

11. Ein segjer berre: Eg ska sta etter skav.
12. Vedtærne kallast skav - men når borken er av kallast det skavvold.
13. Dette gjerningsordet kjenns ikkje.
14. Det var helst utpå vinteren og våren man henta heim skav. I brunn-år skov man heile vinteren. Koko slikt at folk skulle tilskogs fastande Langfredag kjenns ikkje her.
15. Man skaver i stua eller kjøkkenet men seint om våren ute på marka.
16. Til skaving brukes tallekniv til rogn-selje og alm. Til større og pestokkar brukar man ein bandkniv.
17. Når ein skavar sit ein på ein stol eller ein knakk, held skavkjeppen i venstre handi og med den handi snur ein skavkjeppen og fører den fram etterkvart. Med høgre handi fører ein kniven - men man må vere sers rask med kniven skal det monne nok. Man kan få ei bytte skav på 1 time er man rask. Det er same måten også ved skaving av hesjeved og kvernskaiv. Ved større stokkar vsp sit ein over skrens og brukar bandkniv. Stokken som skaves kan ligge på 2 kubbbar eller dylikt.
18. Slike omgangsmåter vites ikkje å vera brukte her. Skavhal kjenns ikkje.

II 19. Man sitter på stol, krakk eller ei kasse. Kniven held dei berre i høgre handi. Brukes bandkniv held ein den med begge hender. Kjeppen ligg roleg på ein måte, man må snū den og føre den fram etter kvart den vert avskava. Det er kniven som må fø. rast - han tek ei sjarve for kvar gong.

20. Er det kløvne kubbbar kallar ein det skavskio - og er dei runde kallast det skavkjoappar.

21. Borken som er avskava kallast berre "Skav" "Kvar enkelt del kallast ei "sjarve".

22. Ein skjiv både tunne kjoappar og stævre kubbbar, men dei klyves sünd i skier og skaves. Skavve den er oftast litt lengre end almindelig brændered - omlag 40 cm. lang og brükes helst ved kornföking - baking av flatbröd eller klædevask.

23. Tunne kjoappar kallar ein skavkjoappar, og klövne kallast dei skavskio.

24. Skav til säuer mävtynst og kort. Til küer langt og lykt.

Man må take inntil bræst. Det er inste laget av borken som er mest merande. Og dei tunne skjaver er alltid best både for hest og kü.

25. Ljü under svar 22.

26. Å skave hev meir og meir vorte av-
lakt. I krigsåri, da det gjalt
å ha so stor besetning som mo-
gelikt - og det var lite eller inkje
for å få kjøpe vart det mykje dre-
ve på å skava. No driv man ster-
kere jordbruk - og hev mindre med
kråter - å so slepp man skave. Der
fordres mykje arbeid med skavinga
og no er det lite arbeidshjelp å
få, so no er det ikkje mykje med
skaving